

Sagstad Skulekorps er eit korps i musikalsk framgang og held stand i forhold til antall medlemmar. Det er viktig for Meland som vekstkommune å ha eit alternativt tilbod til born og unge i alderen 8 – 18 år og me meinar at korpset er eit positivt og kreativt tilbod til nettopp denne aldersgruppa.

Sagstad Skulekorps må difor fortsett drive aktiv rekruttering av nye medlemmar og ikkje minst gjera korpset så attraktivt som mogeleg – slik at musikantane beheld spelegleda i mange år framover.

Me har dei siste åra brukt mykje av våre ressursar på opprusting av ein særslitt instrumentpark.

Korpset har framleis behov for å kjøpa nye instrument. Mellom anna tuba i mindre storleik, alt-saksofon, euphonium og kornett.

Vårt mål er å ha full dekning på alle instrumentgrupper og ha høg rekruttering.  
Og kunne tilby alle våre musikantar gode instrumentar og god instruksjon!